



Innkomne saker til årsmøtet til Hafslo IL tysdag 8.mars 2022, med styret sitt framlegg til vedtak:

Sak 11 a: Spelemiddelsøknad K45 – innmeldt av Hoppgruppa 20.02.2022

Saksutgreiing:

Notat frå Hoppgruppa til hovudstyret 20.02.2022:

Søkjjar og byggjerre: Sogn Skisenter AS

Tilsvarande sprintløypa og tilhøyrande snøproduksjonsanlegg.

«Vatn og snøproduksjonsanlegg» i hoppanlegget utgjer ein liten del søknadsdelen til «Vatn og snøproduksjon». Hoveddelen av søknad gjeld å skaffe meir vatn til snøproduksjon til heile skisenteret.

Sogn Skisenter AS er MVA-registrert og får MVA-refusjon både for skianlegget og snøproduksjonsanlegget (som fasilitet) på linje med resten av kommersielle drifta av skianlegget ved skisenteret, jamfør stadfesting frå kommunen (kultursjefen) 13.01.2022.

Det må vera felles driftsrekneskap for heile anlegget (inkludert fasilitet) slik som anleggsrekneskapen.

Kalkylegrunnlag

Utgangspunkt for kalkyle er innhenta frå:

- *Entreprenørprisar i samband med planlagt K10-K19 på Nygardstre, men med ekstra påslag samanlikna med Fageråsen hoppanlegg*
- *Nye mengder for K45*
- *Supplering budsjettprisar for mengder som ikkje var med i K10-K19*
- *Byggekostnadar for Fageråsen hoppanlegg, Mo i Rana (bygging 2020-2021)*

Kalkyle

Det blir lagt til 10 % for prisstigning/uforutsett i kalkylen.

Kalkylen inkluderer mva for spelemiddelsøknad.

1. Hoppbakke inklusiv bygningstekniske anlegg:	5.100.000
Tillegg sommaranlegg (plast- kunstspor):	1.100.000
2. Skitau:	660.000
3. Lysanlegg:	910.000
SUM HOPPANLEGG:	7.770.000
4. Vatn og snøproduksjon:	3.000.000
5. TOTALSUM:	10.770.000

Finansiering:

Kommuneplanen har prioritert K45-bakke som «ordinært anlegg» med 33,33 % spelemiddeltilskot. Sogn og Fjordane skikrins har i sin anleggsplan prioritert K45- og K70-bakken som regionanlegg. Sogn og Fjordane skikrins har i skriv sendt oppmoding til Idrettsrådet og Luster kommune om få nabokommunane med forpliktande vedtak om støtte til bakkane som regionanlegg slik at spelemiddeltilskotet vert auka til 50 %. Inntil slikt vedtak ligg føre så må finansieringsplan basere seg på tilskot som «ordinært anlegg».

Framlegg om at idrettslaga bidreg med eigenkapital og dugnad for hoppanlegget eksklusiv «Vatn og snøproduksjon» tilsvarande sprintløypa.

For «Vatn og snøproduksjon» kan idrettslag (frivillige) bidra med dugnad til prosjektadministrasjon.

Mellomfinansiering(*):

Lån inntil inntil refusjon mva + utbetaling tilskot og sponsorstøtte.

Eigenkapital K10-19 ():**

Stipulert eigenkapital etter anleggsrekneskap for refusjon mva, sponsor og avsett eigenkapital for skitau, men eksklusiv banken sitt tilskot på 330.000 kr sidan omfang av ekstrakostnad med flytting av anlegget er usikkert

Hoppanlegg eksklusiv «Vatn og snøproduksjon» :

- Spelemiddel: 2.590.000
- Luster kommune: 2.590.000
- Dugnad: 320.000
- Eigenkapital (idrettslaga):
 - Frå K10-K19(**) : 500.000
 - Ny: 200.000
- Mellomfinansiering(*): 900.000
- Ny sponsorstøtte: 600.000
- **SUM HOPPANLEGG: 7.770.000**

Reserve i tilfelle regionstøtte: 960.000 kr.

«Vatn og snøproduksjon»:

- Spelemiddel: 1.000.000
- Luster kommune: 1.000.000
- Dugnad: 100.000
- Sponsor: 300.000
- Mellomfinansiering(*): 600.000

Reserve i tilfelle regionstøtte: 500.000 kr.

Styret si vurdering av innkome framlegg:

I gjeldande [anleggsplan for Hafslø IL 2019-2022](#) som vart vedteken på førre årsmøte, ligg hoppanlegg K45 ved Sogn Skisenter inne som prioritert anlegg. Dette står om anlegget i anleggsplanen:

SOGN SKISENTER KJEM TRULEG IKKJE TIL Å HA KAPASITET TIL Å KUNNE REALISERE ANNA ENN NÆRMILJØANLEGGET FOR HOPP (K10 OG K19) OG RULLESKILØYPA I KOMANDE PLANPERIODE. DERSOM SOGN SKISENTER IKKJE HAR KAPASITET TIL STÅ SOM SNARLEG UTBYGGAR AV K45-BAKKEN, KAN HAFSLO IDRETTSLAG VERA BYGGHERRE ETTER AVTALE MED SOGN SKISENTER SOM BLIR ANLEGGSEIGAR. SPONSORARAR MÅ VERA VIKTIGE BIDRAGSYTARAR. ANLEGGET LIGG INNE I DEN KOMMUNALE HANDLINGSPLANEN FOR ORDINÆRE ANLEGG MED SPELEMIDDELLØYVING I 2023. DET MÅ SETTAST I GONG EIN PROSESS FOR Å FØREBU SPELEMIDDELSØKNAD, OG FØREBU SAK TIL ÅRSMØTET I 2022, SLIK AT SPELEMIDDELSØKNAD KAN SENDAST INN HAUSTEN 2022.

Hovudstyret si vurdering:

I den kommunale [handlingsplanen for anlegg for 2020-2023](#) ligg hoppbakke K45 inne som prioritert anlegg med spelemiddelløyving i 2023. I denne planen ligg Hafslø IL inne som søkjar/anleggseigar. Framlegget frå Hoppgruppa til årsmøtet går ut på at Sogn Skisenter AS skal stå som søkjar/anleggseigar, med støtte og driftsavtale med Hafslø IL og IL Bjørn tilsvarande som for allereie innsendt spelemiddelsøknad for sprintløype med tilhøyrande snøproduksjonsanlegg.

Hovudstyret vurderer at framlegget er i tråd med gjeldande anleggsplan, og er positive til at Sogn Skisenter AS står som søkjar med støtte og driftsavtale med Hafslø IL og IL Bjørn tilsvarande som for innsendt spelemiddelsøknad for sprintløype med tilhøyrande snøproduksjonsanlegg. Vi støttar derfor framlegget frå Hoppgruppa om innsending av spelemiddelsøknad for hoppanlegg K45 hausten 2022. Dersom Sogn Skisenter AS står som søkjar, og IL Bjørn bidreg med tilsvarande økonomisk støtte til anlegget, vurderer vi at Hafslø IL kan støtte hoppanlegg K45 ved Sogn Skisenter med kr.100.000.

Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 8.mars 2022:

Hafslø IL støttar innsending av spelemiddelsøknad for hoppanlegg K45 hausten 2022, og oppmodar Sogn Skisenter AS om å overta som søkjar/anleggseigar. Hafslø IL kan bidra med inntil kr.100.000,- til anlegget under føresetnad av tilsvarande økonomisk støtte frå IL Bjørn. Det er også ein føresetnad at både Sogn Skisenter AS og Luster Idrettsråd støttar innsending av spelemiddelsøknad for anlegget i tråd med framlegget frå Hoppgruppa i Hafslø IL.

Sak 11 b: Oppdatert Sportsplan for Fotballgruppa – innmeldt av Fotballgruppa 20.02.2022

Saksutgreiing:

Fotballgruppa har meldt inn at dei ønskjer å oppdatere [gjeldande Sportsplan](#) og at det vert vedteke ein revidert versjon på årsmøtet 8.mars 2022. Fotballgruppa har utarbeidd ei revidert utgåve av Sportsplanen som vert lagt ut på heimesida og lagt fram for årsmøtet 8.mars. Bakgrunnen for ønskje om endringar, er å tilpasse innhaldet til dagens behov.

Styret si vurdering av innkome framlegg:

Hovudstyret er positive til at særgruppene tilpassar planane sine til gjeldande behov. Hovudstyret støttar at årsmøtet tek stilling til den reviderte Sportsplanen som vert lagt ut på heimesida før årsmøtet.

Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 8.mars 2022:

Hafslo IL tek revidert versjon av Sportsplan for Fotballgruppa opp til handsaming på årsmøtet 8.mars 2022, og at årsmøtet vedtek ny Sportsplan for Fotballgruppa.

Sak 11 c: Årsmøtet gir hovudstyret mandat til å justere handlingsplan – innmeldt av styret 28.02.2022

Saksutgreiing:

Hovudstyret ser at [gjeldande handlingsplan \(organisasjonsplan\)](#) ikkje er i tråd med dagens organisering. Mellom anna har vi ikkje lenger ei eiga orienteringsgruppe, og vi ser at ansvar/oppgåver i styret og enkelte særgrupper ikkje samsvarar med dagens faktiske situasjon. Vi har heller ikkje lukkast å få på plass valnemnd i Hafslo IL dei siste åra, og det er krevjande å fylle alle verv som går fram av gjeldande handlingsplan (organisasjonsplan). Arbeidsfordelinga i styret har også endra seg, slik at vedtaket om godtgjersle på årsmøtet i 2015 ikkje lenger er i samsvar med dei arbeidsoppgåvene som låg til grunn for dette vedtaket.

Ny handlingsplan (organisasjonsplan) skal vedtakast på neste årsmøte (2023). Hovudstyret ønskjer likevel at årsmøtet gir nytt hovudstyre mandat til å justere innhaldet i gjeldande handlingsplan (organisasjonsplan) i 2022, og arbeide med framlegg til ny handlingsplan/organisasjonsplan som skal vedtakast på årsmøtet i 2023. Justering av planen skal skje innanfor gjeldande rammer.

Styret si vurdering av innkome framlegg:

Hovudstyret ber årsmøtet om at nytt hovudstyre får mandat til å gjere tilpassingar i gjeldande handlingsplan (organisasjonsplan) for 2022 i tråd med framlegget. Dette gjeld både fordeling av ansvar, oppgåver og godtgjersle innanfor gjeldande rammer i anleggsplanen. Nytt hovudstyre, i samarbeid med gruppeleiarane, utarbeider framlegg til ny handlingsplan (organisasjonsplan) som vert lagt fram for årsmøtet i 2023.

Styret i Hafslo IL 04.03.2022

